



Bygdebokseminar

24. mars 2012 på Hardanger folkemuseum, Utne

Dersom me snur oss og ser bakover i tid, ser me at bygdene våre har gjennomgått store endringar dei siste tiåra. Tenestetilbodet er endra, eksempelvis butikk, post og bank, som er borte/automatisert/digitalisert.

(Heradsplan for Ullensvang 2011-2020, Ullensvang i endring – "Dette er din veg. Berre du skal gå han. Og det er uråd å snu" (Olav H. Hauge).)

Fjord og fjell, frukt og flaum

– forteljinga om Ullensvang 1950-2014

Ullensvang herad er i gang med å føra bygdebøkene til Olav Kolltveit fram til notid. I samband med dette arrangerer Bygdeboknemnda no sitt tredje seminar laurdag 24. mars. Denne gongen set me søkjeljos på heradet – kva er viktig å fortelja om tida frå 1950-åra og fram til 2000-talet me lever i? Og korleis bør forteljinga om Ullensvang formast og formidlast?

"Ullensvang i endring" er namnet på heradsplanen for 2011-2020. Kva endringar har "Noregs frukthage" vore gjennom frå tida som jordbruksbygd – med "sterkt innslag av fruktdyrking" (Generalplan for Ullensvang 1978)? Har fjorden bunde eller skilt heradet? Er fjellet same ressursen som før? Kva har det hatt å seia for Ullensvang å leva med snøras og flaumbrot?

Ullensvang herad bestod først av Eidfjord, Ullensvang og Kinsarvik. Er utskiljinga av Eidfjord i 1977 det viktigaste skiljeåret i historia til heradet? Korleis har Ullensvang herad vakse fram som velferdskommune? Har heradet eigentleg levd av turisme og arbeidsinnvandring – blømingsturar til Hardanger og gjestearbeidarar i frukthastinga? Eller er Ullensvang berre ein drabant til Odda?

På seminaret vil bygdebokforfattarar frå ulike nabokommunar halda innlegg om aktuelle tema, spørsmål og perspektiv til ålmennsoga for Ullensvang 1950-2014. I tillegg vil eit sidepanel med Oddmund Hus, Solfrid Borge, Torgils L. Jåstad, Lars O. Bleie og Oddmund Teigland kommentera seminarinnlegga og gi innspel til ordskiftet.

Alle med interesse for lokalhistorie er velkomne som deltakarar på bygdebokseminaret. Seminaret vert skipa til på Hardanger folkemuseum, Utne. Påmelding til museet på tlf. 53 67 00 40 eller e-post: mail@hardanger.museum.no innan 19. mars. Seminaravgift: 150 kr.

Program:

- 10.30: Velkomen v/Otto Vikane, leiar i bygdeboknemnda for Ullensvang
- 10.40: Innleiing v/Nils Olav Østrem, redaktør for Ullensvangs nye bygdebok
- 10.50: Foredrag v/Geir Kleiveland, historikar og bygdebokforfattar, Osterøy:
Utfordringar med å skriva allmennsoge om etterkrigstida
- 11.20: Kommentar, spørsmål og ordskifte – panel og sal

- 11.50: Kaffi
- 12.00: Foredrag v/Gaute Losnegård, historikar og bygdebokforfattar, Jondal og Askvoll:
Lokal allmennhistorie i den globale landsbyens tidsalder
- 12.30: Kommentar, spørsmål og ordskilde – panel og sal
- 13.00: Betasup
- 13.45: Foredrag v/Anders Haugland, historikar og bygdebokforfattar, Skånevik og Radøy:
Formidlinga. Korleis nå fram til lesaren?
- 14.15: Kommentar, spørsmål og ordskilde – panel og sal
- 14.45: Kaffipause
- 15.00: Foredrag v/ konservator Heidi Richardson og formidlingsleiar Helena Kjepso, Hardanger og Voss Museum:
Hardangerbrua allreie bå museum?
- 15.30: Kommentar, spørsmål og ordskilde – panel og sal
- 16.00: Oppsummering v/Marta Gjernes, forfattar for Ullensvangs nye bygdebok
- 16.20: Avslutning
- 16.30: Slutt

Arrangørar: Bygdeboknemnda i Ullensvang herad og Hardanger folkemuseum